

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 11.feb 2026 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Stord Kyrkje
Opning:	Magne

Innkalla: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Dag Kjetil Lægreid, Runar Isdahl, Åslaug L. Nag
Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram og Magne Andresen

SAKLISTE

2026/5 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2026/6 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

2026/7 - 217 Frivillige medarbeidarar

Soknerådet drøfter korleis vi arbeider med frivillig teneste og medarbeidarar. Vi ser på lista over frivillige i Medarbeideren og utvala fortel om kor mange som er med og kva behova er ift nye frivillige. Stikkord for samtalen er m.a.:

- Kor oppdatert er listene i Medarbeideren no?
- Korleis arbeider vi med rekruttering?
- Korleis følger vi opp «reservebenken» med dei som er aktuelle for å bidra, men ikkje står i ei fast aktiv teneste akkurat no?
- Dersom vi hadde ein frivilligkoordinator i 20% stilling – korleis ville vi brukt denne?
- Diskutere tiltak for rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar
- Medarbeidersamling – samla eller for kvart utval?

Moment frå samtalen:

- Lister over frivillige skal haldast oppdatert i systemet Medarbeideren. Fleire utval har den seinaste tida gått gjennom listene, og det same har staben. Reidun på kontoret har fått i oppgåve å oppdatere Medarbeideren så vi vert ajour.
- Listene i Medarbeideren inneheld stort sett informasjon om dei som er frivillige no, og ikkje så mye historikk. Mange av tiltaka innan Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) er ikkje spesifisert på tiltak, berre ei samleliste. Me har andre oversiktar i Excel-ark, men ønskjer gjerne å få inn historikk i Medarbeideren så me har ein stad å leite.
Nyttig å vite kven som har vore med før (dvs har kjennskap til tiltaka), og å vite kven som har avslutta tenesta nyleg (så me ikkje treng spørje dei med ein gong, bør ha ein kommentar i systemet viss dei t.d. ønska å ha pause ei stund).
- Kyrkjevertar: Det er mange nok til at turnusen går opp, men samstundes truleg rom for å ta inn fleire nye. Det skapar eigarskap å få ha ei teneste så me bør leggje til rette for å inkludere så mange som mogleg, men samstundes ha nok oppgåver til at det ikkje vert veldig lenge mellom kvar gong med teneste.
Tidlegare forslag om å få med ein konfirmant som kan ha teneste saman med kyrkjevertane, med særskild oppgåve om å dele ut materiell til konfirmantane er ikkje følgd opp så langt, men soknerådet meiner framleis det er ein god ide.
- Kyrkjekaffi: Kunne vore nokre fleire frivillige i denne tenesta.
- Ingen tenestegrupper der me meiner det er akutt behov, men generelt ønskje om å inkludere fleire.
- Soknerådet vart informert om at det kan vere nokre unytta pengar i budsjettet for KUL og ein ønskjer sjå nærare på om dei kan nyttast til å løne ein frivillig-koordinator (med bakgrunn i at veldig mange av dei frivillige er innan KUL). Soknerådet drøfta døme på oppgåver: 1) Oppdatering av lister i Medarbeideren, 2) Halde kontakt med dei frivillige (og potensielle nye frivillige), notere interesser og bidra til å matche frivillige og oppgåver.

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

Soknerådet la og vekt på at ein treng stabilitet i denne tenesta over tid, så ein bør legge opp til ei ordning som varer, ikkje berre nokre månader.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å følgje opp arbeidet med frivillige som følger:

- Når listene i Medarbeidaren er oppdatert skal dei sendast ut til utvala og medlemmene i soknerådet for 1) kvalitetssikring, 2) lett tilgong på aktuelle frivillige, og 3) å tenkje gjennom kven som ikkje er på listene men kanskje er aktuelle å spørje neste gong.
- Soknerådet ønskjer at det vert laga eigne (under-)lister i Medarbeideren som tek vare på historikken for dei seinaste 5 åra med namn på kven som har hatt kva teneste. (T.d. kven som var med på T11 Lys Vaken i 2025 og 2026 osv)
- Jørgen følger opp forslag om konfirmant-teneste som kyrkjevert.
- Soknerådet ønskjer å arbeide vidare med ideen om ein frivillig-koordinator, og ber AU om å lage eit utkast til kva oppgåver me ser for oss i ei slik rolle. Utkastet presenterast for soknerådet og er deretter tenkt spelt inn til fellesrådet for å sjå om det kan realiserast.

2026/8 - 217 Tenesteinstruksar for oppgåver innan gudstenestene

Gudstenesteutvalet legg fram reviderte instruksar for oppgåvene i gudstenesta

Moment frå samtalen:

- Forslag om at oppgavebeskrivelsen gjerast tilgjengeleg på nettsida
- Ordbruk: Enig om å unngå ordet «instruks»
- Diskusjon rundt kor vidt det skal vere samsvar mellom beskrivelsen av oppgåva og sjekklista? Litt forvirrande når sjekklista har innhald som ikkje står i beskrivinga. Kan skildringa vere kort og rekrutterande, og sjekklista ha meir detaljar for utføring?
- Formål: Rekrutterande og gi tryggleik i korleis ein gjer tenesta, særleg for nye? Me må tenkje at nye frivillige får opplæring frå nokre erfarne, men fleire har erfaring med at opplæringa har vore mangelfull (t.d. er det fleire kyrkjevertar som ikkje kjenner branninstruksen). Kanskje sjekklista kan brukast for å sikre kvalitet i opplæringa?

Vedtak: Soknerådet tek forslaget til vitande og let gudstenesteutvalet ferdigstille dokumenta basert på innspel i møtet før dei vert tekne i bruk.

2026/9 - 360 Kyrkjelivsutval og ulike aktivitetar

Informasjon og drøfting rundt endring i aktivitetar innan kyrkjeliv-sektoren. Aktuelle tema:

- Søndagskaffi som avsluttast frå februar
- Formiddagstreff som har starta opp
- Dag Kjetil orienterer om initiativ for å starte noko nytt etter søndagskaffien.

Moment frå samtalen:

- Søndagskaffien avsluttast med ei samling i Kyrkjestova Fredheim 15.februar. Me er takksame for denne aktiviteten og fellesskapet den har bidrege til. Dag Kjetil har teke initiativ til å samle personar / tankar om kva nytt som kan oppstå i tomrommet.
- Det er starta opp formiddagstreff ein torsdag i månaden i Kyrkjestova. Dette vert drive som eit frivillig initiativ utan tilsette. Kjekt at det oppstår noko nytt!
- Kyrkjelydsutvalet har ytra ønskje om å styrke utvala med minst ein person til framover. Dag Kjetil vart oppmoda til å vurdere å bli med her.
- Kyrkjelydsleiren er planlagd helga 30.okt – 1.nov og Brandøy er bestilt. Det har kome innspel om det er ønskje om å byte helg pga samanfall med halloween same helg. Alternativa som er ledig er ei helg i haustferien eller første helga i desember. Rådet drøfta alternativa og trur ikkje dei alternative helgene er enklare å få folk til å delta på leir. Første helga i advent er det og omfattande aktivitet med lysmesser i soknet, som m.a. bind opp mange ressursar i staben.

Vedtak:

Soknerådet tok orienteringa til vitande og vedtok å halde på den planlagde leirhelga 30.okt – 1.november.

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

2026/10 - 411 Innvendig vedlikehald av Stord Kyrkje

Det har (på nytt) kome innspel frå folk i kyrkjelyden om behov for vedlikehald inne i kyrkja, m.a. maling av benkene. Stord Kyrkjelege Fellesråd har uttalt at innvendig vedlikehald først blir eit større tema etter at utvendig vedlikehald er gjennomført.

Soknerådet tar ein synfaring i kyrkjebygget og drøftar kva vi opplever burde vore gjort noko med, og diskuterer moglegheiter til å gjere noko med det gjennom m.a. dugnadsinnsats. Kva har vi lov til å gjere utan fagfolk? Forslag om å be fellesrådet / kyrkjevevje utgreie moglegheiten, og legge opp til nokre dugnadskveldar?

Moment frå samtalen:

- Ønskje om å gjere ei vurdering av kor vidt ein ønskjer behalde benkane eller prøve å byte dei ut med stolar. Dette var ikkje del av saken i dag og vert tema på eit eige møte av omsyn til tidsbruken i møtet.
- Innspel om å hente inn erfaringar frå vedlikehald utført i Bremnes kyrkje og Fitjar kyrkje
 - o Bremnes har gjort eit stort arbeid både utvendig og innvendig, og m.a. byta ut benkene.
 - o Fitjar har m.a. gjort ein del maling og fekk med seg ein kyndig malar som lærte teknikkane som trengs og lærte opp andre frivillige.
- Me trur det har stor verdi ift eigarskap og deltaking å ha eit dugnadsprosjekt saman. Mange har eit positivt forhold til kyrkja og ønskjer at den skal sjå fin ut.
- Dei mest aktuelle oppgåvene er maling av benker, og evt maling av sideveggar (men det har truleg kortvarig nytte pga vanninntrenging utanfrå som må fiksast først).
- Eit anna behov er lyspærer i glasmaleria og elles i lysopplegget framme. Det er planlagt ein aksjon på det med bruk av stillas eller lift, men sidan behovet har blitt stort må det kanskje ut på anbod.

Vedtak:

Stord sokneråd ønskjer å sjå på korleis ein kan få utført noko innvendig vedlikehald på dugnad, og ber Stord kyrkjelege fellesråd v/kyrkjevevje om hjelp til å kartlegge kva som kan gjerast på dugnad og kva som krev fagfolk. Soknerådet ønskjer også å ta opp saka om kor vidt ein vil byte ut benkene i kyrkja som tema på anna soknerådsmøte.

2026/11 - 046 Evaluering av infoskjermen

Soknerådet drøftar korleis infoskjermen-løysinga fungerer og kva informasjon me ønskjer å ha på den.

Moment frå samtalen:

- Det er viktig at infoskjerm-innhaldet kjem opp på vegg framme før og etter gudstenesta, sidan mange fleire ser det der enn på vegg bak. Dei siste 10 minutta før gudstenesta er den viktigaste tida, så viktig at den ikkje vert skrudd av for tidleg.
- Innhaldet på skjermen er godt og nyttig, ingen innspel til endringar.
- Litt spørsmål kor mange som stoppar opp og ser på skjermen bak. Fleire i soknerådet har god erfaring med bruk av appen «Infoskjermen», så me kan godt promotere den enda meir og gi folk hjelp til å laste ned ved behov.

Vedtak: Soknerådet held fram med infoskjermen på same måte, Jørgen tek med innspelet om skjerm på vegg før/etter gudstenesta til kyrkjetenar og me aukar fokuset på appen.

2026/12 - 012 Årsrapport 2025

Soknerådet utarbeider innan 1. mars kvart år ein årsrapport over rådets aktivitet siste kalenderår. Rapporten vert framlagt årsmøtet/soknemøtet og vert sendt Kyrkjeleg Fellesråd, Prosten, Bispedømerådet og andre som soknerådet ynskjer.

Vedtak: Saka utsett.

2026/13 - 012 Årsmøte 2026

I alle sokn skal det kvart år haldast eit soknemøte der ein legg fram for medlemene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf kyrkjelova §9. Dette

MØTEINNKALLING STORD SOKNERÅD

årlege soknemøtet gir grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er soknemøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja. Fristen for å leggje fram revisorfråsegn til rekneskapen er 1. april. Soknemøtet bør difor haldast ein gong etter dette.

Diskusjon om dato og form på arrangement. Dei tre siste åra har årsmøtet vore arrangert som ein informasjonskveld i Kyrkjestova Fredheim heller enn eit enkelt, formelt årsmøte etter ei gudsteneste.

Vedtak: Saka utsett.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. ~~«Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest~~
 2. ~~Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
 3. ~~Ungdomsråd (TOL-utvalet orienterer om arbeidet med å etablere ungdomsråd, jfr Sak 2025/27)~~
 4. ~~Solidus givarteneste-løysing~~
 5. ~~Orientering om arbeid med kyrkjelydshus-tomt~~
 6. ~~Fasteaksjonen – korleis engasjere kyrkjelyden? (Jørgen)~~
 7. ~~Ung kyrkje i Sunnhordland~~
- (Alle orienteringane vart utsett pga tida)

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 3.desember
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 2.februar
3. Referat, Diakoniutvalet, 22.januar
4. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 18.desember
5. Referat, Nysæter sokneråd, 21.januar

Anders Dahl
soknerådsleiar og referent